

Bergen Havn AS  
Postboks 6040  
5892 BERGEN

## Vedtaksbrev

Dykkar ref.

Vår ref.  
22/10557-9//487

Stad/Dato:  
14.06.2023

### Flytting av godshamna til Ågotnes - førebuing til generalforsamling 21. juni 2023

Formannskapet i Øygarden kommune har handsama sak om utflyttingsplan for godshamna 13. juni 2023. Saka vart handsama som førebuing til ekstraordinær generalforsamling i Bergen Havn AS 21. juni 2023.

På vegne av ordførar Tom Georg Indrevik oversender vi vedtaket i formannskapet.

#### Formannskapet (FS) 13.06.2023 08:30 - saksnr. 071/23:

1. Formannskapet er positiv til selskapet sitt arbeid med å finna gode og kostnadseffektive løysingar for flytting av godshamna, men meiner at ei splitting av godshamna på fleire lokasjonar ikkje samsvarar med ambisjonane om ei framtidsretta og effektiv godshamn for regionen.
2. Formannskapet ber selskapet vidareføra tidlegare vedtekne strategiar og intensjonsavtalar om flytting av godshamna til Ågotnes og å ha fokus på løysingar for finansiering av denne.
3. Formannskapet forstår behovet for å finna ny lokasjon for utanlandsferjer, men påpeikar at mogelegheita for å etablera ei heilskapleg hamneløysing på Ågotnes må avklarast før ein investerer i planar og anlegg på Flesland.
4. Den førelagde utflyttingsplanen inneheld eit omfattande investeringsbehov og må supplerast med økonomiske vurderingar med tilhøyrande finansieringsløysing før den kan handsamast.

Med helsing

Elin Helland-Jooste  
strategisk rådgjevar